

Bilen er skinande blå. Då dei har køyrt ned frå byggefeltet og svingar ut på hovudvegen, girar Kristoffer opp på den måten som Jill likar så godt. Handa hans ligg på girstonga, brun og glatt.

Dei forlèt byggefeltet, dei lange stablane av samankjeda einbustader med like og nokså like garasjar og små, velstelte hagar. Dei køyrer nedover dalen, og Jill spør om dei skal ut til stranda. Kristoffer nikkar.

«Det er nesten aldri folk på stranda om kvelden», seier ho.

«Så får vi vere åleine då», seier han, legg eine handa på låret hennar og klemmer forsiktig.

Gjennom sentrum, forbi butikkane, ferjekaia og det gamle industriområdet, utover, forbi den vidaregåande skulen, til landskapet blir einsamt og aude.

Det er berre kjærastar som kan finne på å dra ut hit om kvelden. Han stryk henne opp og ned langs låret, men idet dei køyrer inn på lausgrusen, grip han rattet med begge hender. Han slakkar på farten for ikkje å få riper i lakken på BMW-en til faren.

«Det er den hels... grusen.» Han bannar aldri. Han seier berre hels, det er den hels... eller det hels... regnet, eller den hels... bensinen.

Kristoffer stansar midt i vegen, set giret i fri, nett som om han kom på noko. «Er det noko du har lyst på?»

Han bøyer seg fram mot henne. Munnen hans mot hennar. Om det er noko ho har lyst på. Eg har lyst på deg, tenker ho. Så snur han seg og plukkar fram noko frå baksetet. Det er ei diger sjokoladeplate. Ho låg under teppet. Han legg plata i fanget hennar, ler når han ser kor overraska ho blir: «Du skal få fordi du er så søt. Og om du ikkje orkar heile no, kan du jo kose deg med resten i morgon når eg har reist.»

Så set han bilen i første og trillar sakte ned mot stranda.

Sjøen kjem mot dei i bitte små rullebølger.

«Eg skal trass alt ikkje til Australia, eg skal berre til Bergen, og eg er då på Skype.»

Ho seier:

«Eg kjem til å sakne deg.»

«Kva kjem du til sakne, kva?» Han bøyer seg mot henne, kiler henne i sida til ho vrir seg bort.

I snart eitt år har dei gått hand i hand på kyrkjegarden etter korøvingane. Dei har kyst på benken ved busshaldplassen. I leskuret utanfor vidaregåande, på rommet hennar om kvelden, der har ho låst døra. I bilen til far hans, etter at han tok lappen og begynte å hente henne heime.

«Heile deg», seier ho.

Parkeringsplassen er tom. Jill flettar fingrane inn i hans. Kristoffer tar med eit teppe frå bilen, heng det over skuldra. Sanden er mjuk og glatt. Han tar tak i henne og svingar henne rundt. Held rundt henne, slik han bruker, med begge hendene rundt ryggen hennar, dreg henne inntil seg. Det er ingen andre enn dei to. Dei er åleine. Det blæs frå sjøen, inn i håret, innunder kjolen.

Neste sommar blir ho atten. Kristoffer vil ha henne

med på Interrail då, han tenker framover. Dei går mot berga.

«Sjå, somme har slike groper i midten, som om dei er skapte av menneskekroppar, slike som har lege der frå tidenes morgon», seier Jill.

Dei klatrar oppover berga og finn eitt som er godt å ligge på. Han rullar ut teppet, dei set seg tett. Han held rundt henne med den eine armen, men han ser ikkje på henne lenger, han ser berre ut mot sjøen.

«Storholmen, Tjuvholmen. Veit du kvifor det heiter Tjuvholmen?»

Jill dreg på skuldrene.

«Dei avretta folk der, brende hekser, og folk låg rundt i båtane sine og såg på. Seinare knerta dei tjuvar og mordarar, tenk det, dødsstraff rett uti her.»

Han legg seg bakover på berget, strekker armen fram etter sjokoladen og tar eit par bitar. Ho legg seg inntil han.

«For ein kveld. Når eg sit i Bergen og puggar latin, skal eg hugse dette.» Han snur seg mot henne, kysser henne. Han smaker sjokolade, mild, søt, god. Han slepper henne for å ta ein ny sjokoladebit, byr henne, og ho tar imot.

«No orkar eg ikkje meir, eg sparar resten», seier Jill. Ho legg seg bakover, berget er hardt. Ho lèt att auga. Han løftar armen hennar, kysser den. Men så stoppar han, tar meir sjokolade. Byr henne på nytt, men ho ris-ter på hovudet.

«No er det heilt tørt», seier han og stryk over håret hennar. Ho opnar auga og ser inn i han, ho vil kysse han så ømt som mogleg, så ope som mogleg. I morgon er det for seint.

Han dreg skulderstroppen sakte ned frå skuldra, lèt

fingrane gli ned halsen, langs kragebeinet, til skuldra. Ho dreg litt i kjolen, ser han inn i auga.

«Ta av deg T-skjorta, då vel.»

Han dreg av seg T-skjorta, han er smal, men sterk, han snur seg mot henne, kysser henne igjen. Ho tar handa hans så vidt opp under kjolen, legg handa på låret sitt. Ho strekker seg bakover så han skal forstå at det er ope for han. Ho fiklar litt med glidelåsen på veska, der ligg kondompakken. *For more sensitivity.*

Men handa til Kristoffer glir sakte bort. Ho løftar handa hans på nytt, og så legg ho den oppunder kjolen sin, mot skrittet. Ho skubbar handa varsamt ned i trusa. Han rører så vidt på fingrane der nede. Ho er våt, han kjenner det, han dreg fingrane opp frå trusa hennar. Han held handa opp framfor seg. Han kjem seg opp, går ned langs berget, set seg på huk og dyp-par handa i sjøen, dreg handa fram og tilbake langs vasskorpa. Så kjem han tilbake, viftar med handa over henne. Han har ikkje sagt noko. Ikkje ho heller. Han tar på seg T-skjorta.

Han snur seg brått mot henne igjen, han begynner å kile henne medan han brummar noko mot halsen hennar. Denne uendelege kilinga. Han tar tak i henne no, legg seg over henne. Han fiklar med henne, berre fiklar. Noko som før kunne få henne i godt humør, men som no sårar henne, gjer henne sint og lei seg.

«Gi deg», roper ho. Ho får hendene fri og slår han bort. Og utan noko meir slepper han henne.

«Kva tenker du på?» spør ho.

«Eg er så glad i deg, Jill, det veit du.»

«Det er desserten, ikkje sant?»

Kristoffer ler kort. Så nikkar han, berre.

Forretten, hovudretten og desserten. Då dei vart kjærastar, snakka han slik. Forretten, det er der dei er no, hovudretten er ekteskapet, og desserten er sex. Han sa det fort og lett. Ho lika det då, men no er ho sytten, og han reiser bort for å studere.

Det er fjøre sjø. Sanden kjem til syne. Det finst uendelege mengder med sandkorn. Dei kjem til å gå slike stader der det ikkje gror noko, ho ser det så klart. Ein berre går og går, trakkar ned små vekstar som stikk opp.

Han set seg opp, bøyer hovudet mot knea. Kva tenker han på når han sit slik? At det er heilt ope her? Om nokon skulle stille seg opp der nede, eller oppe i skogen bak berga, kan denne nokon sjå dei. Også frå parkeringsplassen, om ein har kikkert. Også på rommet hennar, under dyna, ho og han. Også då er det nokon som ser dei. Ser kva han gjer med fingrane i trusa hennar. Det finst auge som ser gjennom veggjar og tak, som kjem seg inn låste dører, som ein tjuv om natta, som ein vind om dagen. Om dei er på fjellet, eller i dalen, det finst auge.

Fingrane hans tar meir sjokolade.

«Vil du ha litt til?»

Ho nikkar. Han har smale hender, med korte, rette negler på kvar finger. Han skal bli lege.

Kristoffer bryt av eit par bitar, puttar i munnen hennar. Han snur seg mot sjøen, blir sittande og stire, smile. Så seier han liksom han har fått ny energi: «Tenk at alt dette har Gud skapt.»

Jill kunne ha sagt noko slikt om skaparverket ho også, berre at ho kjem aldri på det. Ho myser i same retning, trekker på skuldrene.

«Ja ja», sukker ho.

«Ja ja?»

«Ja, tenk det.»

Ho legg seg hardt tilbake på berget. Han snur seg mot henne, smiler, smattar på sjokoladen, tar litt bort i håret hennar: «Jill, du er så rar.»

Etter ei stund reiser han seg, strekker seg.

«Eg skal reise så tidleg i morgon, det blir ein viktig dag.» Han er entusiastisk når han snakkar om alt som skal skje, om korleis det blir å studere. Finne ein stad å bu, gå på universitetet.

«Og du må komme på besøk! Kanskje i haustferien? Du kan ta Fjordekspressen, det tar berre åtte timar.» Dei rullar saman teppet.

«Åtte timar på bussen! Det er lenge.»

«Ikkje så lenge når du skal treffe meg. Eller du kan ta flyet på ein halv time.» Han legg gensen sin rundt skuldrene hennar. «Slik», seier han, tar handa hennar.

«Får sjå», seier ho.

Dei går ned frå berget, han held henne så ho ikkje skal falle. Sandalane er heilt glatte under. Når dei er nede på stranda, får ho sand mellom tærne, og spør: «Korleis visste du det, at du skulle studere medisin?»

«Det har eg alltid visst, eg vil ha ein skikkeleg jobb, noko som betyr noko for andre, noko med mening.» Han begynner å sparke sand mot henne, ho spring, han etter. Ho slakkar farten og lèt han fange henne.

«Akkurat som far din!» tergar Jill når han held henne.

«Og du, kva skal du bli, Jill? Kva skal du studere etter neste år?»

«Kanskje jobbe på verftet, som faren min», seier ho og ler.

«Han er då ingeniør», seier han

«Ja, kva så?»

«Er det ingeniør du vil bli? Når du seier på verftet, kan det bety kva som helst.»

«Eg tulla berre, eg veit ikkje enno.» Ho trekker på skuldrene. Ho ventar til han slepper henne, så går ho vidare. Sanden klistrar seg inntil tærne. Dei har gått i våt sand. Ho prøver å børste han bort før ho tar på seg sandalane.

Han køyrer henne heilt opp til huset. Det lyser svakt frå kjøkkenvindauget. Han kysser henne på nytt der i bilen. «Eg kjem kanskje til å slutte i koret.»

«Kvifor det?»

«Fordi du ikkje er der.»

Kristoffer stryk henne over kinnet ein gong til.

«Pass på deg sjølv då, Jill.»

Ho riv seg laus og går fort ut av bilen, låser seg inn, spring opp på rommet. Derfrå ser ho han rygge ned vegen og snu bilen. Håret hans og den stramme kvite T-skjorta lyser opp inne i bilen. Han ser opp mot huset, mot vindauget, vinkar til henne, som om alt var avtalt, så køyrer han ned den lange bakken og blir borte.

Siste dag i sommarferien er Ida tilbake. Ho står utanfor huset til Jill med den nye sykkelen sin. Håret er raudt og klipt på skrå, ho vinkar til Jill, og Jill skundar seg ut. Dei har ikkje sett kvarandre på to veker. Jill tar sykkel, ho også. Dei glir sakte ved sida av kvarandre.

«Fekk du bruk for kondoma eg kjøpte til deg?», spør Ida.

«Hysj», seier Jill og trør fort av garde.

«Av og til gløymer eg at eg har flytta på landet», seier

Ida, kjem opp på sida hennar og kviskrar k-o-n-d-o-m-a-r.

Jill stansar og tar opp frå lomma den uopna pakken merkt RFSU. «Du kan få dei tilbake, ubrukte.»

«Kva skjedde?»

«Ingenting.»

«Nei, ha dei til seinare då vel.»

Ida gir Jill kondompakken tilbake. Dei står slik og viftar med han til Jill stappar kondompakken i lomma på nytt. Ho hiv seg på sykkelen igjen.

«Har han reist?» spør Ida.

«Jepp.»

«Og du er stadig jomfru?»

«Ja.»

«Korleis er det mogleg?» Ida bremsar og går av sykkelen, stoppar Jill. Men Jill svarer ikkje.

«Hadde du på deg det nye undertøy du viste meg?»

«Ja då.»

«Han skulle ha visst kor dyr den trusa var!»

«Han vil ikkje ha desserten før hovudretten.»

«Gi deg då.»

«Det er han som seier det slik. Han er veldig ordentleg.»

Ida lagar ein grimase, og Jill ler. Dei syklar heilt ned til det lokale kjøpesenteret, det er her alle butikkane ligg, her ligg rådhuset og kiosken og alt saman.

«Og så reiser han bort utan eingong å prøve seg!»

«Han er berre veldig, veldig ordentleg.» Ida låser begge syklane med den nye låsen ho har fått. Dei går arm i arm. Sommaren er over, men det er mest heilt tomt for folk. Dei ruslar frå butikk til butikk. «Ta tre for to»-plakatar heng overalt. Bikiniar til halv pris. Blomstrete badedrakter for under hundre kroner. Jill held opp ei

av dei, men Ida rister på hovudet. Etter ein runde gjennom senteret set dei seg på kafeen, tingar iste med sugerør.

«Men kva med deg, då?», spør Jill.

«Ingen. Ingenting. Eg ofrar meg ikkje på kven som helst heller, når eg først har venta så lenge. Men er skittlei av å ikkje ha kjærast, skittlei», nærast roper Ida så jenta bak disken himlar med auga. Dei tar med seg drikke og vesker og går ut. Plaststolane står delvis stabla saman. Bordflatene av metall er våte av dogg og regn. Dei tørkar stolseta med serviettar før dei set seg.

«Eg hatar at sommaren er over utan at noko har skjedd. Faen så trist plass eg har hamna på», seier Ida.

«Ja, det er vel det. Gruer du deg til i morgon?» spør Jill.

«Klart det, men vi må berre gjennom det.»

Benjamin og Azad kjem gåande ned mot kafeen, dei går i lag med ein gut dei ikkje kjenner. Benjamin labbar lett framoverbøygd, sky i blikket. Ida strekker kroppen sin med ein gong ho ser dei, ho er kul, ho er ikkje herfrå, det merkar ein. Ho har budd mange stader før ho kom hit, i Sverige også, men då foreldra skilde seg for eit par år sidan, måtte ho bli med mora til Vestlandet, og i fjor kom dei heilt ut hit, der Jill bur.

«Gler du deg ikkje til vi skal flytte», seier Ida, «til vi skal bort herfrå, til Berlin eller London.»

Jill dreg på skuldrene. «Det er så lenge til.»

Benjamin mumlar eit hei, Azad nikkar, før dei forsvinn inn på kafeen med kompisen. Dei kjem ut like etter, med kvart sitt pappbeger, finn eit bord litt bortanfor Jill og Ida. Dei set seg rett ned, endå stolseta er våte.

«Dessutan kjem eg sikkert ikkje lenger enn til Bergen», seier Jill.

Ida ser berre mot bordet der gutane sit. «Berre tullingar som forelskar seg i meg, som Benjamin, han er nok litt forelska i meg, berre sjå», seier Ida lågt og vinkar bort. Benjamin nøler litt før han reiser seg og kjem bort til dei.

«Hallå!»

Dei andre to følgjer på. Azad vrir på pappbegeret sitt. Dei stiller seg rundt Ida og Jill, men ingen av dei veit kva dei skal seie.

«Korleis går det», spør Benjamin.

«Bra», seier Ida, tar sugerøret i munnen igjen og får i seg litt meir iste, ho blunkar med dei litt skrå auga sine. Jill må kvele latteren i silkeskjerfet. Men Benjamin raudnar og ventar, og han kjem ikkje på noko å seie, Azad begynner å virre med blikket, og han dei ikkje kjenner, trekker seg fort tilbake til det andre bordet.

«Du, kva seier du til at vi tar ein tur på kino ein dag. Berre du og eg.» Ida blunkar og smiler mot Benjamin, og han svarer først eit kort «ok». Så blir han berre ståande og sjå på henne, gløttar litt bort på Jill også.

«Altså really?»

Ida lèt det gå litt tid, så svarer ho: «Nei, eg tulla nok berre litt med deg.» Jill sparkar henne på leggen.

«Ok», seier Benjamin, «ok.» Han ler litt, som om han endeleg har forstått vitsen. Han kjem seg bort til bordet der dei andre har sett seg, drikk glupsk. Dei er stygge, og dei er kvisete, og dei veit ikkje kva dei skal seie.

«Gutar på vår alder ...», seier Ida, ho vrir seg på stolen og rister på det skråklapte håret.

Neste morgon finn Jill Ida lengst bak i bussen. Den vida-regående skulen ligg på ei høgd eit par kilometer sør for Vik. Her ute er det ikkje noko anna, ingen andre hus,

ingenting. Som ei diger romferje som har landa her fordi ho ikkje visste betre. Midt i øydemarka. Det er ikkje skog eingong, berre uframkommelege åsar med einer og buskar og ei og anna småbjørk. Bussane stoppar i krysset nede ved hovudvegen, slepper av hordar med elevar. Dei går opp mot skulen, kryssar parkeringsplassen for dei tilsette. Elevar som har tatt lappen, må parkere bortanfor idrettshallen. Nedanfor hallen skimtar dei grusbanen som dei må springe seg sveitte på i gymtimane.

«Kvar gong eg kjem hit, tenker eg på eit digert forhistorisk monster av eit dyr som et elevar om hausten og spyttar dei ut om våren», seier Ida. «Dei laga det sikkert slik for at vi skal miste absolutt alle illusjonar.»

«Trur du det er så gjennomtenkt», seier Jill, «trur du ikkje heller at dei berre laga det slik grått og firkanta fordi det var billegast, fordi dei ikkje gadd å bruke meir pengar?»

«Eg trur ikkje noko er tilfeldig», seier Ida, «eg trur alt skjer av ein grunn, og at alt som skjer, skjer fordi det må skje.»

Også i klasserommet blir dei sittande saman.

Ida er rask inn, finn to plassar langt bak, slenger seg ned og roper på Jill. Dei sirlege jentene med pastellfarga toppar og T-skjorter er tilbake langs rekka ved vindauget. Kontaktlæraren går gjennom den nye timeplanen. Etter to timar er sommaren alt langt borte. Klassa er igjen som før, fylt av motstand, lange gjesp og ein og annan kverulerande elev.

Dei har eit par nye lærarar, men dei fleste er gamle kjente. Peder er rådgivar på skulen, men underviser også i historie, han er ny i klassa. Ida lener seg mot Jill og kviskrar: «Han er sååå stilig.»

«Kva då», spør Jill.

«Han ser ikkje ut som dei andre lærarane, berre skjorta. Han er liksom streng, men kul, forstår du kva eg meiner. Elles er det ikkje nokon her eg kunne tenke meg, kunne like gjerne vore på ein kyrkjegard.»

Peder kastar eit blikk nedover mot dei. Med det same trur Jill at han har høyrte kva Ida nett sa, for han stansar opp, ser på dei. Jill blir sittande og sjå på han medan han snakkar.

«Jentene i klassa er strevarar, men ikkje etter karakterar, men sånne mann-og-barn-strevarar. Det einaste dei tenker på, er å ikkje gjere skam på familien før dei endar opp med ein mann som kan forsørje dei godt», seier Ida. «Dei skal halde seg innanfor, akkurat innanfor, vere passe. Heilt passe. Berre sjå på dei.»

Jentene langs vindaugsrekka vrir seg mot kvarandre og kviskrar. Dei heng saman og vernar kvarandre mot sarkastiske angrep, frys ut dei som ikkje held mål. Men der er andre jenter også, ei som er for tjukk, ei som er heilt utanfor utan at nokon veit kvifor, eit par pakistanske jenter som held saman. Ida kastar på det skråklipte håret.

Etter siste time tar Jill og Ida bussen i lag, dei bestemmer seg for å gå av ved senteret. Ei jente i tredje går også av bussen, ho går nedover mot ferja, ho går i svarte klede, har svart kort hår og prøver å vere goth. Ida dunkar Jill i låret.

«Aldri, aldri meir skal eg bruke svart neglelakk.»

«Det finst vel verre ting», seier Jill.

«Trur ikkje det.»

Det er tomt på kafeen. Dei går frå senteret forbi buss-haldeplassen, nedover mot sjøen, til kaia og bensinstasjonen. Venterommet for ferjepassasjerane ligg vegg i vegg, døra slår opp og igjen. Ida kikkar inn.

«Det ligg ein alkis der.»

Jill kjem etter, ho ser mannen som ligg på benken og søv, ho held seg for nasen, det luktar stramt av urin. «Det finst faktisk alkisar her også, berre det at dei ikkje går ut i dagslys, seier Ida. «I byen ser ein dei overalt.»

Dei går vidare utover, over parkeringsplassen, nedover mot ferjekaia – forbi avkøyringa og bilkøen. Dei går så langt dei kan gå, heilt bort til byrjinga på det gamle industriområdet, som er stengt av med kjettingar og ein skog av gustne brakker.

«Det er nedlagt, alt saman, er vel selt ut, veit du», seier Ida, «vi kjem liksom etter alt, liksom postalt. Merkar du det, det er gravstøtter overalt her?»

Ida tar fram mobilen og tar bilete av brakkene, av skiltet som er festa med kjetting. «Adgang forbudt».

«Er du her ofte?» spør Jill. Ida rister på hovudet.

«Men det er så stygt her, skikkeleg stygt. Eg likar det på ein måte. Kunstnarar finn masse inspirasjon i det stygge, visste du det? Ein må aldri vere redd for å oppsøke det heslege, mor mi prøvde å bli kunstnar, men klarte det ikkje. No jobbar ho i kommunen, eg trur ho var for redd for det stygge, for kva naboen ville seie.»

Ida snur seg mot Jill og tar eit bilete av henne også, sukker.

«Eg er så lei av å vere jomfru. Tenk aldri å få sprengt den helvetes jomfruhinna. Eg kjem til å bli heilt desp her.»

Dei kryssar ei rad med bilar som står klare langs kaia og ventar på ferja. Øyene ligg som store, svarte skuggar der ute, som daude dyr.

«Tanta mi bur på ei av øyene der ute», seier Jill.

Ida dreg henne i armen. «Sjå kven som står der!»

Peder står lent inn til autovernet heilt nede ved sjøen, han røyker.

«Herregud, han er så kjekk!» seier Ida, «måten han står på, som ein litt sånn lonely cowboy frå ein eller annan diger ranch.»

Dei ser Peder kaste sigarettstumpen utover sjøen før han set seg tilbake i bilen. Ein etter ein køyrer bilane om bord i ferja. Bussen køyrer først. Så eit par til. Peder kjem sist i ein svart Ford.

«Det er liksom ikkje til å tru at han er lærar på vida-regåande. Og så bur han uti der!»

«Der ute blæs det alltid», seier Jill.

Dei et marshmallows medan dei går tilbake til busshal-deplassen.

«Det er fryktelig usunt», seier Jill.

«Who cares», seier Ida. «Sikker på du ikkje vil bli med heim? Mamma skal på yoga etter jobben, vi blir aleine.»

Dei tar bussen forbi byggefeltet der Jill bur, og vidare opp gjennom dalen. Ida og mora leiger eit gammalt rekkehus i skogkanten. Dei tar med nokre rundstykke frå kjøkkenet og set seg på rommet til Ida for å høyre musikk.

«Korleis skal vi halde ut dette året, Jill?» spør Ida.

«Vi skal då berre gjere ferdig vidaregåande, det er vel berre å halde ut?» seier Jill, studerer veggane med alle teikningane Ida har laga.

«Tenk, dette er våre viktigaste år, det er liksom fram-tida vår som begynner no. Og så skal vi sitte uti her, utan nokon som kan inspirere oss eller nokon å vere forelska i. Det er så tragisk. Eg vil berre ha eit normalt

interessant liv, eit par festar der ein kan møte nokon – er det for mykje forlangt?»

Ida viser Jill platespelaren ho fekk av faren.

«Eg har tatt vare på dei gamle platene hans. Han ville kaste dei, men eg sa – stopp, du er heilt ute, platene kjem tilbake.» Ida blar i platebunken, held fram ei sliten plate med Pink Floyd.

«Vi kan høyre på ho ein annan gong. Kva med denne? Likar du Chase & Status?»

Ida lèt plata gli ut av coveret og legg ho på spelaren. «Høyr no. Denne er så kul.»

Ida set seg tilbake i senga, med ryggen til vindauget. Der ute er det høge grantre og mørke skuggar.

«Dubstep», seier ho.

Jill tar imot coveret. Dei sit tett inntil kvarandre, musikken strøymar gjennom kroppen.

«Trur du verkeleg på Gud?» spør Ida.

«Eg veit eigentleg ikkje heilt kva eg trur på.»

«Du går i kyrkjeor, du har kjærast, men er likevel jomfru?»

«Alle rundt meg trur.» Jill dreg på skuldrene. «Og dessutan, du er også jomfru.»

«Høgst ufrivillig, ja! Det er liksom ironisk, litt sånn, realitet krasjar med idé. Eg har berre så lyst til å oppleve noko, begynne å leve. Tenk om eg framleis budde i Göteborg.»

Ida tar lett borti håret hennar. «Kan eg børste deg?»

Jill nikkar og snur ryggen til. «Eg elsker at nokon børstar håret mitt.»

Ida finn ein børste og set seg bak ryggen til Jill. Forsiktig og med lange tak børstar ho håret til Jill.

«Gjer det vondt?»

«Nei, nei, ikkje i det heile tatt.»

«Du er berre så pen», seier Ida. «Håret ditt er så tjukt, men du er litt sånn frå ei anna tid, litt sånn gammaldags.»

«Kanskje det.»

Jill lèt att auga. Fingrane til Ida er kalde i nakken. Ho får ei melding, det er frå Kristoffer.

«Er det han med desserten?» spør Ida.

Jill nikkar, reiser seg. «Må gå no. Du kan bli med meg heim ein dag.»

«Bra, når då?»

«Når som helst.»

Dei fleste gutane i klassa er små og tynne, dei er anten bleike nerdar eller ufine klovnar, eller dei er kalde og arrogante. Robert og Jens er dei einaste jentene kunne finne på å drøyme om. Robert har ein kjærast i byen. Og Jens, som er den penaste, er stygg i munnen og slenger kommentarar om den eine etter den andre, han likar berre heilt tynne jenter. Syltynne.

«Han tenner sikkert på lik», seier Ida, men også ho følgjer med på alt Jens seier og gjer.

Katrine er rangert høgst av gutane, det veit alle. Deretter kjem heile vindaugsrekka. Jill veit ikkje kvar ho er på skalaen, om ho i det heile står der. Ho går ikkje på festar, og ikkje drikk ho. Ida er også pen, men annleis, med det rare, skrå håret og ein tatovert edderkopp på skuldra.

Før brukte Jill å vere i lag med Anna og Beate, ho kjenner dei frå koret, frå bibelgrupper og ungdomskveldar. Beate prikkar Jill på skuldra idet dei går inn i klasserommet, og kviskrar: «Kjem du på korøving i morgon?»

«Får sjå», svarer Jill medan Ida fort legg armen rundt henne.

Peder står framfor dei med armane i kross, utan dressjakke i dag, berre skjorte. Han har lagt ein bunke med bøker frå seg på kateteret.

«Var det noko som helst i dagens lekse som gjorde inntrykk?»

«Han er så utruleg kjekk når han brettar opp skjorte-ermene», kviskrar Ida. «Det er så sexy med rutete skjorter.»

Katrine strekker armen i vêret.

«Eg synest han liknar på far din på det biletet du har», seier Jill.

«Særleg. Han der er det næraste vi kjem noko som liknar på Don Draper, her omkring.»

I friminuttet får Jill endå ei melding frå Kristoffer: «Studenthybel i boks. No kan du berre finne ei helg ...»

Jill skriv tilbake at ho nok må vente til haustferien.

Ida sit i senga til Jill med ein kopp te. Jill tenner eit kubelys på nattbordet og eit på hylla. Ida ser seg rundt. «Alt er så lyst her!»

Ho peikar på senga, skrivebordet, spegelen med lyspærer rundt, gardinene, teppet på golvet.

«Her manglar det berre eit digert krusifiks! Ikkje rart Kristoffer ikkje våga å pule deg her.»

«Men han ville ikkje på stranda heller, endå vi var heilt aleine», seier Jill og blir ståande og sjå på rommet sitt, ho også.

«Kom igjen då, eg skal sminke deg.» Ida dreg opp sminkepengen frå sekken. «Lat att auga, så skal du få litt kontrastar.»

Ida set seg framfor henne. Jill kan kjenne den lette pusten hennar når ho bøyer seg ned mot henne, dreg pudderkosten over kinna, ber henne stramme leppene så ho får tatt på leppestift.

«Eg er eigentleg drittlei, av koret og bibelgruppene og vennene til Kristoffer.»

«Sånn, no kan du sjå. Du ser ut som om du er tjue. Du treng ikkje stå i koret lenger. Du kan begynne å gå på fest», seier Ida og ler, medan Jill fniser og kviskrar inn i øyret til Ida: «No står han der ute igjen.»

«Kven då?»

«Pappa!»

Dei lyttar, Ida held seg for munnen for å halde låtten tilbake.

«Kom inn!» seier Jill høgt.

Faren til Jill stikk hovudet inn, han ser på Jill, deretter på Ida. «Oi, kler de dykk ut?»

«Dette er Ida som eg har fortalt om», seier Jill.

«Å, er det du som er Ida? Du har funne deg godt til rette her?» Faren bøyer seg inn i rommet, stikk fram handa mot Ida.

«Ho flytta hit i vår, pappa.»

Faren blir ståande, han ser på Jill, som om han vil at ho skal gjette kva han meiner, seier ikkje noko først, så legg han til: «Korøvinga begynner om ein halv time, Jill.»

«Men eg har besøk.»

«Kan ikkje du berre ta med deg Ida og gå på koret, då?»

Ida kveler ein latter og borar haka ned mot brystet. Faren ser alvorleg og lenge på Jill før han går ut og lèt døra sakte igjen.

«Han lurar nok på deg, veit du. Kva du er for ei. Han

er så mistenksam mot alle han ikkje kjenner. Eg orkar ikkje bu her lenger», stønner Jill.

Ida reiser seg, slår litt på pynten i vindaugget, ørsmå klokker som kling lyst og falskt når dei kjem borti kvarandre.

«Kom, eg blir med deg på koret. Men eg sit heilt bak.»

I kyrkja stansar Ida nedst ved døra. Johanne, ei veninne av Kristoffer, kjem gåande mot Jill, klemmer henne og seier: «Såg at Kristoffer har fått hybel! Så bra!»

Beate vinkar der borte frå sopranrekka. Idet dei andre stiller opp, ser Jill at ho har fått ei ny melding frå Kristoffer: «Hels frå meg til alle på kor i dag!»

Jill stiller seg på den vanlege plassen, borte ved alten, tar opp nokre nye notar som dirigenten deler ut. Langt der bak glir Ida ned på ein benk. Jentene rundt Jill voggar fram og tilbake, medan dei syng om Jesus, om himmelen, om freden som ventar, om æva, om kjærleiken som er stor og uendeleg. Dei ruggar i takt. Jill brettar hjørna på notarket. Kvar gong ho opnar munnen for å synge, blir ho flau. Orda har blitt klamme og vemmelege. Før songen er slutt, snik Jill seg ut frå altrekka. Dirigenten ser ikkje ut til å merke at ho går, han berre viftar med armane og smiler begeistra når dei nærmar seg klimaks. Jill kastar eit blick på Jesus-biletet på veggen, eit gammalt måleri med gotisk skrift. *Straffen laa paa ham*. Jesus søkk saman i Getsemane, ein engel held hovudet hans tett mot brystet sitt for å trøyste. Sliten og utmatta ligg Jesus der.

Jill finn Ida samankrulla på benken heilt bak i kyrkja. Jill vinkar på henne. «Kom, vi går.»

Dei går ut frå kyrkja og begynner å trille syklane heimover.

«Kvifor kniser alltid kristne jenter?» spør Ida.

«Eg kniser ikkje.»

«Du kniser av og til i klassa når du skal svare, du seier: *Hi hi, eg veit ikkje, men var det ikkje, hi hi?* Det burde du ikkje.»

«Eg kniser ikkje no.»

Dei blir gåande utan å seie noko.

«Eg vil også ha eit normalt interessant liv», seier Jill

«Kanskje du vil vere med på fest hos Jens neste helg? Eg trur vi kan få invitasjon, eg trur eg kan ordne det. Der er det ingen som kniser.»

«Eg veit ikkje», svarer Jill.

«Ver så snill då, bli med. Eg vil ikkje gå åleine.»

«Kvifor ikkje?»

«Det er kjekkare å vere to.»

Dei stig på syklane igjen, det er for langt å gå. Ved byggefeltet der Jill bur, stansar dei og klemmer kvarandre.